



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091
0301 OSLO

Saksbehandler, innvalgstelefon
Anveig Nordtug Wist, 73 19 93 37

Høringsfråsegn - søknad om uttak av vatn frå kote 40 i Storskorstadelva til produksjon av settefisk - Namdal Settefisk - Namsos

Bakgrunn

Namdal Settefisk søker om å ta ut vatn frå Storskorstadeva (óg kalla Skorstadelva) til produksjon av settefisk. Dette er ei formalisering av eit allereie eksisterande uttak. Uttaket er ikkje saksbehandla etter dagens lovverk og med bakgrunn i allmenne interesser har NVE oppmoda Namdal settefisk AS til å søke for å formalisere uttaket etter Vannressursloven §66, 3.ledd.

Anlegget ligg i den nasjonale laksefjorden Namsen, og det er i samsvar med akvakulturforskriften sitt Kapittel 2. «Særskilte krav til etablering og drift innenfor nasjonale laksefjorder og nasjonale laksevassdrag» strenge krav til produksjonen. Slik det er beskrive i søknad er dette ei formalisering av allereie eksisterande utbygd og operativt anlegg.

Det overførast vatn frå kote 205 til kote 40 med automatisk nivåregulering. Per dags dato har Namdal Settefisk løyve til uttak av vatn på kote 205 (Storkorstadvatnet), med ei reguleringshøgde på 1,55 meter. Uttak frå kote 40 skjer når dei har størst behov for vatn eller når det er ønskeleg på grunn av vasskvalitet eller -temperatur.

Minstevassføring frå dammen på kote 205 er på 0,84m³/min (14l/s). Dette står i søknaden at det same gjeld frå dammen på kote 40 og ned til sjøen.

I snitt vart det tatt ut 7,8m³/min (130l/s), men det maksimale uttak et var på 13,2 m³/min (220l/s) i april. Det er både lagt ved tabell om framtidig bruk av vatn og vassforbruk ved bruk av resirkulering. Settefiskanlegget har satt i verk tiltak, blant anna med bruk av sjøvatn, i dei månadane det har vore lite tilsig. Søkar har oppgitt at det ikkje er registrert konfliktar etter uttaket, som reindrift, uttørking, brukarinteresser eller erosjon.

Namdal Settefisk fekk tillating til uttaka i 1987, med vilkår gitt av Fiskeridirektøren. Det står 850 l/min i løyve, utan at det vil utgjere noko i l/s i forhold til 0,84 m³/min som er oppgitt.



Statsforvaltaren sine vurderingar

Tilstanden i vassdraget og vannforskrifta

Storskorstadelvas nedbørsfelt er i Vann-nett delt i fire ; «Bekkefelt Storskorstadvatnet», «Storskorstadvatnet», «Bekkefelt Skorstadelva» og «Skorstadelva».

Det er ingen kvalitetselement på bekkefelt Storskorvatvatnet og bekkefelt Skorstadelva, desse er difor satt til god økologisk tilstand. Storskorstadvatnet er vurdert til å ha god økologisk status. Det ligg inn god tilstand på kvalitetselementet «hydrologisk eller tidevannsregime», fordi reguleringshøgda i Storskorstadvatet er 1,55 meter.

Skorstadelva er vurdert som ein sterkt modifisert vassførekomst (SMVF) i Vann-nett med bakgrunn i vassuttak eller overføring for fiskeoppdrett. Det er fagleg vurdert at det økologiske tilstanden berre er moderat, på bakgrunn av minstevassføringa. Generelt er informasjonen som ligg på Vann-nett relativt gammal, berre vurderinga om SMVF er av nyare dato (2019).

Elva har høve for uttak av drikkevatt til eit privat vassverk, men er i dag reserveuttak.

Den anadrome strekningen i Skorstadeva (140.86Z) er relativt kort, om lag 500 meter.

Vannforskrifta § 5 «miljømål for kunstige og sterkt modifiserte vannforekomster» seier at «sterkt modifiserte vannforekomster skal beskyttes mot forringelse og forbedres med sikte på at vannforekomstene skal ha minst godt økologisk potensial».

Statsforvaltaren mein at det bør vere eit mål å definere vassførekomsten bort frå SMVF og at vi med konsesjonen betrar den økologisk tilstanden/potensiale. Vi ventar difor at NVE sett ei meir økologisk funksjonell minstevassføring.

Vi mein òg at det bør avklarast kven som har føsteprioritet til vassuttak av vassverket og settefiskanlegget ved ein eventuell konflikt.

Raudlista

Den sårbare arten granmeis (*Poecile montanus*) er funne i nærleiken av utløpet, men vi har ingen grunn til å tru at arten har vorte eller blir påverka av tiltaket.

Det er oppgitt i søknaden at det er observert fossefall (*Cinclus cinclus*) i området, denne er observert etter tiltaket vart iverksett i 1987. Fossefall er ikkje registrert i Artsdatabanken sitt artkart. Fosskall er avhengig av elva, og kan bli påverka av eit vassuttak.

Anadrome fiskebestandar

Sjølv om det er funne laks (*Salmo salar*) i elva, er det vurdert at dette mest truleg var oppdrettslaks. Det er ikkje registrert ein eigen laksestamme for elva. Det er funne yngel (ungfisk) av aure (*Salmo trutta*). Aure kan både vere stasjonær aure, og sjøaure. Ofte vurderast aure på anadrom strekke som sjøaure og aure over anadrom strekke som stasjonær. Dette gjer at sjøauren står som livskraftig i Artsdatabanken, på trass av tilbakegangen sjøauren har hatt seinare år.



I 2019 vurderte Vitenskapelig råd for lakseforvaltning 230 sjøaurebestandar i Noreg, i Namsenfjorden var det to bestandar god bestandsstatus (Oksdøla og Aursunda), to moderat (Årgårdsvassdraget og Bogna) og ein dårleg (Namsen). Det er vanskeleg å konkludere om bestandstatus i Skorstadelta basert på desse referansevassdraga.

I fleire vassdrag, blant anna i Gaula i Trøndelag, restaurerer ein sjøaurebekkar for å legge til rette for gyting. Det er viktig å bruke det høve ein har her til å sørge for nok vassføring for sjøauren.

Ål

Ål (*Anguilla anguilla*) er ikkje funne i 2010 i samband med Aqua Kompetanse AS sine undersøkingar. Basert på området vassdraget ligg i er det sannsynleg at vassdraget har hatt ål, eller har ein mindre bestand av ål. På Raudlista 2021 er ål vurdert som ein sterkt trua art. Det er difor behov for å ta særskilt omsyn til arten, blant anna med å sikre minstevassføringa.

Akvatiske invertebratar

Aqua kompetanse AS gjennomførte sparkeprøver oppstraums kote 40 i 2010, det vart funne fleire artar av steinfluger, vårfluger og døgnfluger. Dette gir lite informasjon om det er artar eller taxa som har forsvunne etter uttaket vart satt i gang. For å sikre eit mangfald av akvatiske invertebratar ønsker vi ei auke i minstevassføring.

Nasjonal laksefjord

Anlegget ligg inne i den nasjonale laksfjorden, Namsenfjorden. Nasjonale laksefjorder gir eit særskilt vern for laks. Sjølv om det ikkje er laks i Skortstadelta vil laks og sjøaure påverkast av dei same trugsmåla, blant anna fråføring av vatn.

Vassføringsregime og -temperaturar

Vassuttaket vil gi ei endring i vassføring ved vårflaum og den høge vassføringa ein har på våren, men haustflaumen blir mindre påverka. På vårparten ligg rogn i grusen, og dør ved tørrlegging. Mindre vatn vil òg kunne påverke oksyngjennomstrøyminga i grusen som gjer at rogn får for lite oksygen og kvelast/slammast ned, eller for mykje og skyllast ut av grusen.

Ein vårflaum hindrar òg opphoping av algar og biofilm i vassdraget. Flaumar er viktige for naturlege sedimenttransportprosessar.

Uttak vil truleg påverke temperaturane i elva slik at dei ikkje er optimale og naturlege, men vi ser det som lite føremålsteneleg å endre uttaka for å få uttak på fleire djup da det vil føre til fleire inngrep.

Friluftsliv

Det er oppgitt i søknaden at det er noko bruk av området i samband med hjortejakt og bærplukking. Vi har ingen opplysingar om at området har stor verdi for friluftsliv eller at brukarvennlegheita blir påverka av tiltaket.

Landskap

Sjølv om det har vore gjennomført endringar i landskapet med inngrepet ser vi ingen grunn til å endre dette da det vil føre til nye inngrep.

Vurderingar etter naturmangfaldlova (NML)

I NML § 7 står det «Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet».



§ 8 (kunnskapsgrunnlaget)

Det er mangel på kunnskap om vassdraget som økosystem før uttaka starta på 1980-talet. Denne mangelen gjer det vanskeleg å vurdere kor stor påverking uttaket har hatt. Mykje av kunnskapen som framstillast i søknaden er gamlare enn ønska, det visast blant anna til el-fiske som vart gjennomført i 2014. Vi oppmodar NVE til å pålegge nye undersøkingar for å auke kunnskapsgrunnlaget før det eventuelt gis konsesjon.

Statsforvaltaren kunne ønska oss oppdatert kunnskap om fiskebestandane i elva.

Sidan tiltaket har føregått over så lang tid og det er planlagt for ein reduksjon i vassbruk vil vi ikkje komme med ei fråråding.

§ 9 (føre-var-prinsippet)

Det er vanskeleg å vurdere føre-var-prinsippet for eit uttak som har føregått sidan 1987. Som nemnt på § 8 oppmodar vi NVE til å pålegge nye undersøkingar.

§ 10 (økosystemtilnærming og samlet belastning)

Elva er sterkt påverka, og definert som ein SMVF. Det betyr at elva er så endra at ho ikkje kan vurderast som ein naturleg vassførekomst. Bakgrunnen for SMVF-vurderinga er at uttaket ikkje er konsesjonsbehandla. Det er generelt lite informasjon på Vann-nett om andre belastningar enn vassuttaket.

§ 11 (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Ein konsesjon med naturforvaltingsvilkår vil kunne gi Miljødirektoratet (på anadromt strekke) eller Statsforvaltaren (over anadromt strekke) moglegheit til å pålegge konsesjonshavar å gjennomføre naturvitskaplege undersøkingar og tiltak i regulerte vassdrag.

§ 12 (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)

Vi finn det positivt at Namdal settefisk skal gjennomføre vidare moderniseringar og minske vassforbruket gjennom full resirkulasjon. Det vil minske påverkinga på elva.

Statsforvaltaren sitt samandrag

Det har vore uttak i elva sidan 1987, og sjølv om det er gjennomført enkelte undersøkingar, er dei av gamlare dato, oppmodar vi om NVE om å pålegge nye undersøkingar av tilstanden i elva før det gis løyve.

Elva er definert som ein SMVF (sterkt modifisert vassførekomst) på bakgrunn av at uttaket ikkje er konsesjonsbehandla. Målet med denne konsesjonsbehandling bør difor vere å få elva meir naturleg slik at ein ikkje treng å definere elva som SMVF.



Felles for dei naturverdiane som truleg er påverka av vassuttaket, sjøaure, ål og akvatiske invertebratsamfunn, er krav til vassføring. Det bør settast ei minstevassføring som gjer elva meir økologisk funksjonell og som betrar den økologiske tilstanden eller potensiale. Det vil i tillegg vere viktig å simulere eit naturleg vassføringsregime med naturlege flaumperioder.

Ved ein eventuell konflikt med uttak til drikkevatn er det viktig å avklare kven som har førsteprioritet.

Med hilsen

Anne Sundet Tangen (e.f.)
seksjonsleder
Seksjon plan- og inngrepsforvaltning

Anveig Nordtug Wist
seniorrådgivar
Seksjon plan- og inngrepsforvaltning

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Namsos kommune
Namdal Settefisk AS

Stavarvegen 2 7856 JØA